

**Til stede:**

- Eli Roseth Eik, Kari Tysnes Kjos, Unn Sara Spissøy

**Forfall:**

- Gerd Skålevik, Mikal Saltvik, Nils Vestbøstad, Berit Bergsvåg.

**Sakliste:**

1. Referat frå styremøte 11.02.2022.
2. Motteken post, blad m.m.: Avdelingsblad berre til webmail ( dei fleste linkar det no rett til heimesida si, men sjå eiga mappe for Postblad på vår webmail.) Stadfesting frå Brønnøysund. Styrekurs saman med Bg og Hgs torsdag 01.-09 eller onsdag 7.9, Rutinar for kransar/blomar, Frivillighetens år/Sykkelturen 22.
3. Støtt opp om pensjonistforbundet sin aksjon 7.9. NB kan signera digitalt.
4. Sendt post: Endringsmelding til Brønnøysund. Melding om dato for lokal tur, melding om vårdatoar på Hagerupshuset, påminning om sida vår.
5. Protokollar frå AU og Landstyremøte: Landstyret nr.1 og 2, nr. Frå AU nr. 2,3,4,5,6.
6. Unn: Bruk av midlar frå Fagforbundet, dokumentasjon.
7. Heimesida vår, dataopplæring for styret.
8. Digital opplæring til medlemmer.
9. Tur til Matre onsdag 31.august.
- 10.Hagerupshuset. Ynskje for hausten?
11. Bårebukett medlemmer i Postkom?
- 12.Leiarkonferanse 19. -20. mai. Referat frå møtet.
- 13.Neste møte, når det haustast.
- 14.Ymse

**Punkt 1**

Referat frå styremøte 11.02. 2022.

**Vedtak:**

Referatet vart godkjent.

**Punkt 2**

Tatt til orientering.

Frivillighetens år/Sykkelturen 22

**Vedtak:**

Ikkje deltaking på dette arrangementet.

**Punkt 3**

Det vert ikkje fysisk deltaking på aksjonen. Forslag om å betale avgift for å ta idrettsmerket for medlemmane.

**Punkt 4**

Etter vurdering, er det konkludert at det Hagerupshuset er den beste møteplassen.

**Punkt 5**

Ingen merknad.

**Punkt 6**

Aktivitet og bruk av midlar frå Fagforbundet skal dokumenterast.

**Tiltak:** Melding til Jarle Eide og Terje Nordgulen om laget vårt sine aktivitetar inneverande år, og kostnad me har hatt i etterkant. Sender dette på mail.

Jarle sender sms til aktuelle medlemmar i Fagforbundet.

Postnummer til Stord, Tysnes, Kvinnherad, Bømlo, Fitjar blir sendt til Nordgulen.

**Punkt 7**

Det vert ikkje gjennomgang på opplæring på styremøte. Aktuelle medlemmar i styret har gjennomført digitalt kurs i oppdatering av Heimesida vår.

**Punkt 8**

Postpensjonistane samarbeidar med Pensjonistforbundet. Det er lova midlar til lokal kursleiar som kan få oppdraget med digital opplæring av medlemmar. Me deler ut skjema fysisk på turane, møtene og arrangementene våre. Først kantlegging, så finne kurshaldar.

### **Punkt 9**

Plan for turen til Matre 31. august er i rute. Bussturen vil ta tid då det er lange stekningar mellom turmåla. Når det gjeld middag, er Bygdekvinnelaget spurt.

### **Punkt 10**

Datoer for våre møter blir lagt inn i programmet.

Tiltak: hente programmet i Hageruphuset.

Det er konkludert at loftet eignar seg best for at medlemmane kan pratast.

### **Punkt 11**

Melding til Eli om dødsfall, ho sender inn sentralt etter oppskrift i Håndboka. Kontaktperson er Inger Marie.

### **Punkt 12**

Diskutert på leirarmøtet: Årsmøte kan velgja leiar direkte. Resten av styret konstituerer seg på første styremøte. Årsmelding skal heretter kunne lastast opp på nettet.

Dropbox er introdusert som arkiv sentralt.

Medlemskort er etterspurt der det gir fordelar. Det gjeld ikkje her lokalt. Kjem neste år.

Postpensjonistane får 650 000 i bidrag frå Posten.

Det vert ny måte å krevje inn medlemskontingenten frå 2023.

Det kjem info frå kommunane som skal innføra «Tryggest»

Lokallaga Romsdal og Vest Oppland er nedlagt

### **Punkt 13**

Felles styrekurs 1. september 2022.

Neste møte når det haustast.

### **Punkt 14**

Etiketter kan lagast med å lastast ned slik Holger opplyste om på Datakurset for styret.

Forslag om støtte til medlemmane for å delta på festival, konsert og andre arrangement. Dette er for seint i vår, men det blir ny sak til hausten.

Møtet hevet kl.XX

**Neste styremøte: (dato/klokkeslett/sted)**

(Hvem som underskriver referatet, kan variere. Noen praktiserer at både sekretær og leder underskriver. Referatet godkjennes formelt som første post på neste styremøte.)

Ola Nordmann  
Sekretær